

# Møteinkalling

---

**Utvalg:** **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre**

**Møtested:** E-postbehandling

**Dato:** 16.09.2014

**Tidspunkt:**

---

Etter avtale med styreleiar følgjer ei hastesak for e-postbehandling i Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre.

Ber om tilbakemelding med eventuelle synspunkt på innstillinga så snart som mogleg.

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 6/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Grusuttak og plassering av dieseltank - Memurubu Turisthytte		2014/5839

Arkivsaksnr: 2014/5839-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 16.09.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	6/2014	16.09.2014

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Grusuttak og plassering av dieseltank - Memurubu Turisthytte****Forvaltar si innstilling**

Memurubu Turisthytte får med pkt 1.1. i § 3 av verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark løyve til plassering av fast dieseltank ved lagerskur aust for Muru og uttak av 2 lass grus for tilrettelegging av plass for dieseltanken.

Tilrettelegginga vil redusere mengda av lause dieselfat og betre branngleiken ved bedrifta. Tiltaket blir ikkje vurdert å medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfaldet. Nytteverdien blir vurdert som høgare enn ulempene. Det er ein føresetnad at grusuttak skjer på ein mest mogleg skånsam måte.

Godkjenning gjeld berre i høve til verneforskrifta. Tiltakshavar har ansvar for å avklare eventuelle andre krav til behandling med Lom kommune, som forureiningsmyndigkeit og forvaltingstyresmakt etter plan- og bygningslova

**Saksopplysningar**

Saksdokument:

1. Søknad (e-post) frå Memurubu Turisthytte 16.09.14
2. Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark
3. Forvaltningsplan frå og forslag til revidert forvaltningsplan frå 2008.

Memurbu Turisthytte v/ Kjetil Sveine søker om å få ta ut 2 lass grus ved utløpet av elva Muru. Det er behov for ei gruspute for å plassere ein dieseltank oppå bakken ved lagerskura. Opplysninga om tiltaket gjeve i søknaden: «*Det er en 1 300 liters tank som er dobbel, grønn av farge. Vi setter den ved utkanten av lagerskurene pga. brannfaren (i samsvar med brannsjefen). Og at den der er mest mulig usynlig (går i ett med terrenget)*» Med søknaden er kartvedlegg som viser plassering:



X Kryss viser lokalisering av dieseltank

Tiltakshavar ber om rask behandling, for å få ordna det før dei stengjer ned for sesongen. Saka vert derfor lagt fram for arbeidsutvalet, som eit mindre tiltak knytt til etablert drift.

## Vurdering

Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark slår fast at «*Landskapet skal vere verna mot tekniske inngrep av alle slag, herunder veg- og jernbanebygging, bergverksdrift, massetak, vassdragsregulering, framføring av luftleidningar, taubaner, heisar, flyplassar o.l. og mot oppføring, utviding eller ombygging av bygningar og anlegg av alle slag.*» Forskrifta § 3 opnar likevel for at det kan gjevast løyve til turisthytter der tiltaket vert vurdert som nødvendig for drifta:

“1.1. *Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til utviding eller ombygging av eksisterande turisthytter og til bygging av innretningar som er nødvendige for drifta av turisthytter i nasjonalparken.*”

Saka gjeld ei tilrettelegging for betre branngryggleik, og tiltaket vert vurdert å koma inn under § 3 pkt 1.1. i verneforskrifta, som innretning som er nødvendig for drift av turisthytta.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer innan område som allereie er teke i bruk for turistformål

§ 9 Føre-var prinsippet: Det omsøkte tiltaket er lokalisert innan etablert bedriftsområde og ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljøet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvalningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis for tekniske tiltak, men dette er eit dokumentert behov knytt til drifta. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, med større nytteverdi enn ulemper.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant, da det er nær teknisk inngrep og erstattar annan lagring.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at grustak skjer på vegetasjonsfritt område, så skånsamt som råd og at uttaksområdet blir jamna til.

**Konklusjon:**

Tiltaket blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har utfører det slik at landskapet blir minst mogleg berørt.

Det er ein fordel å få lagra drivstoff samla i fast tank framfor i fleire dieselfat.

Behandlinga gjeld berre i medhald av verneforskrifta. Tiltakshavar har ansvar for å avklare eventuelle andre spørsmål med Lom kommune, som forureiningsmyndighet og forvaltningstyresmakt etter plan- og bygningslova.